

# Kristninga av Noreg og Island reflektert gjennom samtidig skaldedikting

**Else Mundal**

## 1. Skaldediktinga som kjelde til kristningstida.

Skaldediktinga er ei interessant historisk kjelde til kristninga av Noreg og Island fordi denne diktinga må kunne vurderast som ei samtidig litterær kjelde. Rett nok er dei bevarte skaldedikta skrivne ned langt seinare - om ein ikkje skal tru at enkelte skaldedikt kunne vere rissa inn med runer på kjevle, som det er sagt nokre stader i sagalitteraturen. Men i alle fall er metrikken og oppbygginga av ei skaldestrofe så fast at den oftast berre vanskeleg let seg endre utan å verte meiningslaus.

Ei anna sak er at det ofte er svært vanskeleg å fastslå om ei skaldestrofe er ekte eller ikkje, dvs. om strofa er dikta av den skalden som kjeldene opplyser er skald. Om strofa ikkje er ekte, kan ho teoretisk sett vere så ung som det eldste manuskriptet der ho er overlevert, men vil, om ho har kome til under den skriftlege prosessen, helst vere dikta i samband med at saga der ho er overlevert, vart skriven. Men strofer kan også ha kome til når som helst under den munnlege traderingsprosessen. Det vil seie at anten ei skaldestrofe er ekte eller ikkje, så er ho frå mellomalderen, men den meir avgrensa perioden ho vert kjelde til, vert vanskeleg å fastslå. At det i mange tilfelle ikke er mogeleg å fastslå med stor grad av visse om ei skaldestrofe er ekte, og dermed kva periode ho er kjelde til, er eit problem ein må leve med når ein arbeider med denne typen litteratur, og så ta dei naudsynlege atterhald når det gjeld konklusjonane.

Når vi går til skaldediktinga frå kristningsperioden, vitnar materialet om at nokre skaldar vart kristne og stilte seg på dei kristne si side. Det var også skaldar som like klart forsvarte heidenskapet. Dette ser vi av innhaldet i diktinga. Men det er ikkje alltid like lett å plassere skaldediktinga på den kristne eller den heidne sida. Den norrøne heidendomen var ein open religion som gjerne kunne ta opp element frå kristendomen. Synkretisme, at heidne og kristne element går opp i kvarandre, må ein vente å finne i denne perioden, også i diktinga. Synkretisme kunne nok lettast skjje på norrøn heidendoms grunn i og med at dette var ein langt opnare religion enn kristendomen. Men når samfunn skifter

religion, vil det også lett skje at element frå den eldre religionen følgjer med inn i den nye. Ikkje alltid er det like lett å sjå om skaldediktinga reflekterer synkretisme, dvs. samanblanding av heidne og kristne idear, eller om samanblandinga berre ligg på uttrykkplanet og ikkje på ideplanet, for den norrøne skaldediktinga har ei språkleg uttrykksside som gjer at det ikkje alltid er like lett å skilje mellom kriste og heide. Kjenningane, dei poetiske omskrivingane, i det norrøne skaldespråket refererer gjerne til dei heidne mytane. Diktargjevnad eller dikt kan skrivast om med t.d. Odins mjød, land eller jord kan skrivast om med kjenningar som Tors mor eller Odins kone osv. Den språklege uttrykkssida kan altså gje assosiasjonar til heidne mytar, medan innhaldssida i diktet, om ein berre reknar med det snevre denotative innhaldet og held assosiasjonsinnhaldet som er skapt gjennom kjenningane, utanfor, ikkje treng ha eit heide innhald, det kan til og med gje uttrykk for kristne idear. Det heidne assosiasjonsinnhaldet som kjem fram gjennom kjenningar som refererer til heidne mytar, har Noreen karakterisert som litterær heidendom (Noreen 1922:27). At dei mytologiske kjenningane i dei fleste tilfelle, og i alle fall når dei er brukte langt inn i kristen tid, skal oppfattast som litterær heidendom, er sikkert nok. Men i overgangsperioden, og der vi ikkje veit om skalden er kristen eller heiden, kan det vere grunn til å sjå på dei kjenningane som refererer til norrøn myte og religion med eit ekstra skarpt blikk, for det er klart at det mytologiske skaldespråket, sidan det også kan brukast i kristen tid, gjev ein skald som ikkje torer eller ynskjer å uttale seg for ope mot kristendomen, ein sjanse til å uttrykkje seg meir tilsørt gjennom det mytologiske kjenningsspråket.

Skaldediktinga som reflekterer kristninga av Noreg og Island, har tidlegare vore granska av mange og frå ulike synsvinklar. Fredrik Paasche (1914), Erik Noreen (1922) og Wolfgang Lange (1958) har granska korleis kristendomen påverkar og vert reflektert i skaldediktinga. Ei vanleg oppfatning hjå mange forskarar som har granska kristninga gjennom den norrøne skaldediktinga, har vore at kristne idear både slo tidleg gjennom og med overraskande styrke. Hand i hand med dette synet går det synet på norrøn heidendom at denne i den siste fasen var veik og døyande, og bukka under for den intellektuelt overlegne kristendomen. Det finst også forskarar, som Edvard Bull (1912), som har hevda eit motsett syn, at norrøn heidendom i den siste fasen var sterk, og slett ikkje døydde ein naturleg død, men vart nedkjempa med makt. Forskarane som har hevda eit slikt syn, har likevel vore langt færre. At forskarar som har kome til så motsette syn, stort sett har bygt på dei same kjeldene, demonstrerer at kjeldene ikkje er enkle å bruke, og ikkje gjev eintydige svar. Kva svar ein kjem fram til, kan vere avhengig av kva spørsmål ein stiller og kva ein legg vekt på.

Det kan ikkje vere tvil om at skaldedikta frå kristningstida fortel at mange menneske vart kristne, ikkje berre kristne i namnet, men at kristne idear trengde inn, og desse ideane er reflekterte i diktinga. Eg vil først gje nokre døme på

dette, dømme som for så vidt støttar synet til Paasche og dei som seinare har stått på hans line, og hevda at kristendomen tidleg slo gjennom, og med styrke. Men om vi har dikting som må skrive seg frå djupt religiøse menneske med eit personleg gudsforhold, er det berre ein del av sanninga. Dette provar ikkje at kristninga gjekk lett eller at heidendomen var svak og døyande. Eg vil difor også fokusere mot dikting som etter mitt syn viser at kristne og heidne - truleg i ein ganske lang periode - stod steilt mot kvarandre og såg på kvarandre som to grupper,<sup>1</sup> at kristninga var problematisk, og at ordets makt åleine berre var så som så. Eg vil dra fram nokre strofer som nok kan forklarast som kristen påverknad på heidendomen, men som også kan takast som dømme på at heidningane tok opp konkurransen og "stal" dei kristne sine sterkaste argument, og her trur eg vi kan ha oversett kor raffinert heidne skaldar kunne bruke diktinga til å provosere og forarge dei kristne. Endeleg gjev skaldediktinga også dømme på synkretisme på kristen grunn, dvs. at heidne element lever vidare i den kristne kulturen. Det er også noko som vitnar om at heidendomen, i alle høve på visse område, var svært så livskraftig også i den siste fasen.

## 2. Kristen skaldedikting frå kristningstida.

Vi veit ikkje kva den kristne forkynninga i kristningsperioden la vekt på, men vi kan lese oss til ein del gjennom den refleks av denne forkynninga vi ser i diktinga til dei første kristne skaldane.

Helvetesangsten i den strofa Hallfreðr vandræðaskáld i følgje saga om han, *Hallfreðar saga* (kap. 11), skal da dikta på dødsleget like etter år 1000 - og som kan vere uekte - er eit ofte nytta dømme:<sup>2</sup>

Ek munda nú andask  
ungr vask harðr í tungu,  
senn, ef sólu minni,  
sorglaust, vissak borgit;

<sup>1</sup> Motsetninga mellom heidne og kristne skaldar er også poengtert av Åke Ohlmarks (Ohlmarks 1958:15). Men Ohlmarks ser ut til å rekne med at perioden med dei skarpe motsetningane er relativt kort. I avhandlinga frå 1958, der han behandlar trusskiftet, set han grense ved året 1013.

<sup>2</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 163, IA 173. Strofa er prenta som lausavisa 28. Strofa står ikkje i alle handskrifa til *Hallfreðar saga*. Denne og dei følgjande strofer og utdrag frå strofer er siterte etter Finnur Jónsson: *Den norsk islandske skjaldedigting* IB. På nokre punkt kan lesemåtar og folkingar vere diskutabile, men ein filologisk diskusjon vert ikkje teken opp her, berre unntaksvis vert andre moglege lesemåtar nemnde.

veitk, at vetki of sýtik,  
valdi goð hvar aldri,  
(dauðr verðr hverr) nema hræðumk  
helvíti, skal slíta.

Eg ville no straks døy sorglaust - ung var eg hard i tunga - om eg visste mi sjel sikra; eg veit at eg ikkje ottast noko - alle skal døy - utan helvete ottast eg, men Gud skal ráde for kvar eg skal leve.

Men om helvetesangsten til Hallfreðr kanskje kan skrive seg frå ei uekte og dermed noko yngre strofe, så er førestellingar om helvete også vel dokumenterte i fleire strofer av skalden Sigvatr Þórðarson berre ein generasjon seinare. I ei lausavise seier Sigvatr om dei som hadde sviike kong Óláfr og teke mot gull frá kong Knútr, at dei måtte vite at dei ville kome *í svörtu helvíti*, 'i svarte helvete'.<sup>3</sup> Om dei same som hadde selt kongen for pengar, seier han i ei anna lausavise at løna for kongetruskapan vart trist i himmelen om dei som sveik måtte oppsøkje *hás elds djúpan heim*, 'den høge elds djupe heim'.<sup>4</sup> Og han seier om seg sjølv, også i ei lausavise, då han vert skulda for å ha sviike kongen sidan han ikkje var med på Stiklestad, at om dette er sant, må Kvitekrist la meg kome i *heitan eld at víti*, 'den heite eld til straff'.<sup>5</sup>

Førestellingane om helvete som ein mørk og djuptliggjande straffestad med eld må ha gjort inntrykk, og vi kan rekne med at dette er førestellingar som er velkjende både mellom kristne og heidne.

Gudsbiletet i den kristne skaldediktinga er nyleg granska av Edith Marold (Marold 1985). Her viser ho at i den eldste perioden, ca. 1000-1050, er grunnorda i kjenningane for Gud og Kristus ord for konge eller fyrste, av typen *háar foldar hallar dróttinn*, 'det høge lands halls herre' (*Hafgerðingadrápa*)<sup>6</sup>, *Jórdánar gramr*, 'Jordans konge' (Sigvatr Þórðarson).<sup>7</sup> Kjenningane kan vere svært gode kjelder til førestellingar fordi dei må gripe fatt i noko karakteristisk, og når ord for konge og liknande er einerådande som grunnord i kjenningar for den kristne guden i denne perioden, så kan det vise kva sider ved guddomen det

<sup>3</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 250, IA 217. Strofa stár prenta som lausavise 16.

<sup>4</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 250, IA 217. Strofa stár prenta som lausavise 17.

<sup>5</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 252, IA 273. Strofa stár prenta som lausavise 25.

<sup>6</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 167, IA 177. Ein liten rest av dette diktet er overlevert i handskrift av *Landnámabók*. Diktet er anonymt, men tillagt ein mann frá Suderøyane, og skal vere dikta rundt år 1000. Den aktuelle kjenningen for 'Gud' stár i str. 2 i diktet.

<sup>7</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 245, IA 265. Den aktuelle kjenningen for "Gud" stár i str. 28 i diktet *Erfdrápa Óláfs helga*.

har vore fokusert mot, Kristus som den sigrande kongen. Det var vel også det gudsbiletet som hadde størst appell i vikingtida.

Også kjenneorda i kjenningar for Gud/Kristus kan peike mot noko karakteristisk. Poetiske omskrivingar som *alls dróttinn*, 'herre over alle ting' (Hallvarðr háreksblesi)<sup>8</sup> og *heims hersir*, 'heimsens herse' (Sigvatr Þórðarson),<sup>9</sup> understrekar at denne guden er gud over heile verda. Adjektiva som er knytte til kjenningane, kan vere ord som tyder 'mektig/sterk' o.l. og understrekar dermed det same bilete som grunnorda i kjenningane. Men vi møter også adjektiv av ein annan kategori, adjektiv som tyder 'rein/syndfri' o.l.<sup>10</sup>

Eigenskapar ved den kristne guden som Edith Marold i den nemnde artikkelen finn særleg framherskande er at han er framstilt som mektig, allmechtig eller den mektigaste, dessutan at han er ein skapargud. Eit godt døme på desse eigenskapane har vi i ei strofe av Skapti Þóroddsson (islandsk lovseiemann):<sup>11</sup>

Mátrr es munkar dróttins  
mestr; aflar goð flestu  
Kristr skóp ríkr ok reisti  
Róms hǫll verǫld alla.

Makta til munkanes konge er størst; Gud maktar det meste. Den mektige Kristus skapte heile verda og reiste Roms hall.

Her er det også ganske klart demonstrert at førestellingane om Gud og Kristus kan gli over i kvarandre. Det er neppe særleg spesielt for Norden. Men vi har også skaldar som har forstått dei finare teologiske distinksjonar mellom Gud far og Gud son. I lausavise 9 av Hallfréðr vandræðaskáld seier skalden - vi får igjen ta eit visst atterhald om at strofa kan vere uekte:<sup>12</sup>

<sup>8</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 294, IA 318. Den aktuelle kjenningen for 'Gud' står i str. 8 i diktet *Knútsdrápa*.

<sup>9</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 245, IA 265. Denne kjenningen kan vere litt usikker i og med at forma *heims* har kome fram gjennom retting mot handskrifta, men rettinga synest svært sannsynleg. Kjenningen står i str. 28 i diktet *Erfidrápa Óláfs helga*.

<sup>10</sup> Sjå Marold 1985:722 f.

<sup>11</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 291, IA 314. Lovseiemannen Skapti Þóroddsson døydde i følgje kjeldene rundt 1030.

<sup>12</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 159, IA 168.

Krist vilk allrar ástar,  
erum leið sonar reiði,  
vald es á frægt und foldar  
feðr, einn ok goð kveðja.

Eg vil be Kristus áleine og Gud om deira fulle kjærleik, eg er lei av sonens  
vreide, som har under faderen vedgjete vald over jorda.

At Gud og Kristus er ei makt som grip inn i historia og i det einskilde mennesket sitt liv, er ein tanke vi møter hjå fleire av dei eldste kristne skaldane. At alt som skjer, skjer fordi det er Guds vilje, er ein tanke vi finn særleg klart uttrykt hjå skalden Sigvatr Þórðarson, men også hjå fleire andre skaldar.<sup>13</sup> Guds vilje som den ytste årsak til alt har kome i staden for *norna dómr* - nornedomen, som dei kristne i følge Hallfreðs lausavise 10 må vende seg frå: *verðum at forðask flest fornholdin skop norna* - vi må halde oss unna alle nornedomar som dei trudde på før.<sup>14</sup>

Endeleg møter ein i denne eldste skaldediktinga også forestellinga om Gud og Kristus som den som kan gje hjelp i alle farar og vern i det daglege, og som ein kan gå til i bøn og forbøn. Vi møter Guds vernande englar, og forestellinga om Guds rike som menneska sin store felles heim.<sup>15</sup>

Vi ser altså at den kristne påverknaden er godt dokumentert mellom skaldar som levde kring år 1000 og i første halvdel av 1000-talet. Vi har også skaldedikting om Óláfr inn helgi få år etter at han døde (*Erfidrápa* av Sigvatr Þórðarson og *Glælognskviða* av Þórarinn loftunga), som fortel om jartegn, under, som skjer

<sup>13</sup> Forestillinga om Guds vilje finn ein t.d. særleg klart uttrykt i følgjande strofer av Sigvatr: *Vestfararvísur*, str. 5: *god sjalfr ræðr gërva qllu*, 'Gud sjølv råder alt heilt ut' (Finnur Jónsson 1912-15:IB 227, IA 242); *Erfidrápa Óláfs helga*, str. 3: *god vildi svá*, 'Gud ville det såleis'; lausavise 8: *god láti þik gæta, gedharðr konungr, jarðar*, 'Gud late deg styre, hugharde konge, di jord' (Finnur Jónsson 1912-15:IB 248, IA 268); lausavise 11: *dýrr 's þinn vili*, 'herleg er din vilje' (Finnur Jónsson 1912-15:IB 239, IA 257); lausavise 32: *þat vildi god*, 'det ville Gud' - at frillesonen Magnus skulle verte fødd (Finnur Jónsson 1912-15:IB 254, IA 275). Hjå andre skaldar finn vi den same tanken t.d. hjå Þjóðolfr Arnórsson, lausavise 26: *gengr sem god vill*, 'det går som Gud vil' (Finnur Jónsson 1912-15:IB 353, IA 383) og hjå Þórkell í Hraundal: *god brá Lofnar lífi líns (líns Lofn* er kjenning for 'kvinne'), 'Gud tok kvinns liv' (Finnur Jónsson 1912-15:IB 195, IA 205).

<sup>14</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 159, IA 169.

<sup>15</sup> I *Hafgerðingadrápa* vender skalden seg til Gud og bed han halde si hand over han i havsnaud (sjå note 6); i lausavise 11 bed Sigvatr skald om Guds vern for den som held dotter hans over dåpen. Her møter vi også forestellinga om den kristne kyrkja som den store felles heim for alle kristne (sjå note 13); i ei strofe etter Þrándr í Gøtu, som levde rundt tusenårsskiftet, høyrer vi også om bøn til Gud, og vi møter forestellinga om Guds vernande englar (Finnur Jónsson 1912-15:IB 202, IA 211).

ved helgenkongens makt. Jartegna følgjer mønstra i dei europeiske legendene, og vitnar om at denne genren er produktiv i Noreg alt i 1030-åra.

### 2.1. Den problematiske kristninga sett frå kristen side.

Men materialet viser også ei anna side. "Alle menneske vrakar no Odins ætt" - *allir ýtar láta ætt Óðins fyr róða* - seier rett nok Hallfrøðr i lausavise 10 på slutten av 900-talet.<sup>16</sup> Men dette er nok ei lita overdriving. I *Erfdrápa Óláfs helga* str. 22 seier Sigvatr skald om kongens hær på Stiklestad: *Sumir gumnar trúðu á goð*, 'nokre av mennene trudde på Gud'.<sup>17</sup> Dette kan tyde på at det nok var fleire enn dei svenskane kongen hadde fått med seg, som var heidne, og i str. 2 i same diktet rosar skalden kongen for at han på Oppland *reisti kristnihald, þats heldu*, 'reiste eit kristenhald som heldt'.<sup>18</sup> Det vil igjen seie at det var inga opplagd sak at eit område som var kristna, heldt seg kriste. Kristninga kunne vere ein lang og seig prosess der frontane bylgja att og fram, og vi skal no sjå på nokre skaldestrofer som kan tyde på at så var tilfelle.

Vi skal først sjå på nokre strofer som tyder på at kristninga ikkje gjekk så heilt lett.

I ei strofe som er tillagd Þórvaldr víðforli, og som er overlevert i *Kristni saga* og i fleire kongesoger,<sup>19</sup> skildrar skalden korleis han vart motteken når han kom til islendingane med den glade bodskap, i følgje sagalitteraturen rundt 980. Om strofa er ekte, gjev ho eit interessant bilete:<sup>20</sup>

Fórk með dóm enn dýra  
drengr hlýddi mér engi  
gótum háð at hreyti  
hlautteins, goða sveini  
en við enga svinnu  
aldin rýgr við skaldi  
(þá kreppi goð gyðju)  
gall of heiðnum stalla.

Eg for med den dyrebare sak (evangeliet); ingen hørde på meg, eg vart hána av offerblodstenkaren, gudanens tenar, og ei gamal kvinne skreik utan vet mot skalden over det heidne altaret - måtte Gud knuse gyðja.

<sup>16</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 159, IA 169.

<sup>17</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 244, IA 263.

<sup>18</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 239, IA 257.

<sup>19</sup> Situasjonen strofa vert kveden i, er skildra i *Kristni Saga*, kap. 2.

<sup>20</sup> Finnur Jonsson 1912-15:IB 105, IA 110.

Misjonæren vert altså ikkje teken imot på ein særleg venleg måte, og han viser heller ikkje sjølv eit særleg venleg sinnelag, og betre vart det ikkje seinare. Dei same sogene som siterer strofa etter Þórvaldr, siterer også ei anonym strofe, ei midvise, som vart dikta om Þórvaldr og bispen Friðrekr, som skulle forkynne kristendomen for islendingane:<sup>21</sup>

Hefr börn borit  
byskup nýu  
þeira 's allra  
Þórvaldr faðir.

Bispen har fødd ni born, Þórvaldr er far til dei alle.

Dette er skuldingar som i høgste grad kjem inn under dei norrøne *ergi*-förestellingane. Ein *argr* mann er ein mann som ikkje lever opp til dei krav den norrøne mannsrolla stilte til eigenskapar som mot, sjølvhevdning osv., men i staden la for dagen dei motsette eigenskapane, dvs. at han var feig og underdanig. Slike foraktelege eigenskapar vart assosierte med noko kvinneleg, og symbolsk kunne slike foraktelege kvinnelege eigenskapar uttrykkest ved at den arge mannen vart skulda for å ha kvinnerolla i eit homoseksuelt forhold eller for å ha født barn. Å verte skulda for *ergi*, dvs. for å vere *argr*, var den største skam i det norrøne samfunnet. Og det er i og for seg ikkje vanskeleg å sjå at det fanst sider ved kristendomen som direkte kunne innby til slike skuldingar. Om misjonærane forkynte tilgjeving der norrøn ideologi kravde hemn, at ein skulle vere audmjuk der norrøn ideologi sa at ein skulle hevde sin rett osv., så kunne dette verte oppfatta som ein veikskap som etter norrøn ideologi ikkje fortente noko anna enn hån. Dessutan kunne ein også godt tenkje seg at ytre ting som bispens klededrakt ville gjere han til eit lagleg mål for skuldingar om *ergi*. Dette er forhold som ikkje gjorde det enkelt korkje å forkynne kristendomen eller å gå over til kristendomen i det norrøne samfunnet. For Þórvaldr vart også dette for mykje, og han drap to menn som hemn.

Også fleire av strofene etter Hallfrøðr vandræðaskáld vitnar om at det i alle fall for nokre ikkje var lett å forlate dei gamle gudane: *en trauðr, þvít vald Viðris hugnaðisk skaldi vel, legg ek fjón á frumver Friggjar*, 'men motviljug, for Odins makt hugna skalden vel, legg eg Friggs mann for hat', seier Hallfrøðr i lausavise 7,<sup>22</sup> og i den strofa der han sa at alle no forlet Odins slekt, lausavise

<sup>21</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 168, IA 178.

<sup>22</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 158, IA 168.

10, held han fram: *verðk ok neyddr frá Njarðar niðjum Krist at biðja*, 'også eg vert tvinga bort frá Njords ætt for å tilbe Kristus'.<sup>23</sup>

### 3. Heiden skaldedikting frå kristningstida.

Kongesogene gjev det bilete at miljøet rundt ladejarlane var ein heiden bastion så lenge ladejarlane sat ved makta. Overleverte dikt og strofer etter dei skaldane som laga kvad til ære for ladejarlane, og som vi difor kan gå ut frå er knytte til dette miljøet, stadfester dette biletet. Etter skalden Einarr Skálaglamm har vi diktet *Vellekla*, som er eit dikt om og til Hákon jarl. I dette diktet finn vi ei sterk understreking av at jarlen har Odins gunst: *Því flestr fjolkostigr mæringr ræðr flestu færa við son Bestlu, an þú*, 'for dei fleste fyrstar med mange gode eigenskapar har langt mindre å seie hjá Beslas son, dvs. Odin, enn du' (str.4)<sup>24</sup>. Det vert også fleire gonger sagt at jarlen har fått landet etter gudane sin vilje og at han har si makt frå gudane: Mang en kamp vart ført med kraft før krigaren *tæki lqnd austr at mun banda*, 'tok land i aust, dvs. Norge, etter gudane sin vilje' (str. 9)<sup>25</sup>; *þeim stýra goð*, 'han styrer gudane' (str. 15);<sup>26</sup> *hver sé if, nema goð stýra ættrýri jofra?; kveðk rammaukin rogn magna ríki Hókonar*, 'kven er det om ikkje gudane som styrer fyrstanes ætteminkar, dvs. den som har felt mange fyrstar; eg seier at dei storsterke gudar styrkjer Hákon si makt' (str. 32)<sup>27</sup>. Den same understrekinga av at ladejarlane har fått landet frå gudane og er under gudane sitt vern, har vi også i det litt yngre diktet *Bandadrápa*, 'drápa til gudane', av skalden Eyjólfur dáðaskáld. Her er det Eiríkr jarl som er omtala. Og skalden seier at jarlen *Dregr land at mun banda*, 'får landet etter gudanens vilje' (str. 2 og 9);<sup>28</sup> og i stevet i diktet er det sagt at jarlen styrer *goðvqrðu hjarli*, 'det gudeverna land'.<sup>29</sup>

I *Vellekla* vert jarlen også rosa for å ha gjenreist heilagdomane. At jarlen har kome til makta, vert framstilt som ei lukke for landet (str. 14)<sup>30</sup>, og jorda er grøderik som før - *nú grær jqrð sem áðan* - fordi gudane igjen har vendt seg til blota og krigarane igjen får fylle heilagdomane (str. 16).<sup>31</sup> Her er det ein mytisk samanheng mellom gudar, fyrste og land. Det er også understreka at jarlen ættar

<sup>23</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 159, IA 169.

<sup>24</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 117, IA 123.

<sup>25</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 118, IA 124.

<sup>26</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 119, IA 125-26.

<sup>27</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 123, IA 130.

<sup>28</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 191 og 192, IA 200 og 202.

<sup>29</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 192, IA 202. Sjå også str. 5, IB 191 og IA 201.

<sup>30</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 119, IA 125.

<sup>31</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 119-20, IA 126.

frå gudane, han er kalla *Yggs niðr*, 'Odins ætting' (str.20).<sup>32</sup> Lukke og fred i samfunnet er knytt til heiden sed og kult. Gudane er framstilte som sterke, og det er deira vilje som skjer, dei styrer nærmast landet gjennom jarlen.

Understrekinga av dei heidne gudane sin vilje verkar kanskje noko overraskande. Etter norrøn mytologi er jo også dei heidne gudane underlagde lagnaden. Også dei kristne skaldane såg vi i svært høg grad understreka Guds vilje. Det kunne kanskje tenkjast at når dei heidne skaldane også legg så stor vekt på dette, er det for å ta opp konkurransen. Dei kristne skaldane understreka at Gud var allmechtig eller svært mechtig, også dei heidne skaldane understreka makta til gudane. Men på eitt område har vi ein markert skilnad. Den kristne guden rådde over heile verda. Dei heidne gudane er intimt knytte til landet.

Dette kjem også svært klart fram i ei halvstrofe etter skalden Eilífr Goðrúnarson, som vi også reknar med har høyrte til krinsen kring ladejarlane - han er dessutan skalden bak *Þórsdrápa*. Halvstrofa lyder som følgjer:<sup>33</sup>

Setbergs kveða sitja  
sunnr at Urðar brunni,  
svá hefr ramr konungr remðan  
Róms banda sik lǫndum.

Såleis har Roms sterke konge gjort seg sterk i landet til berga sine gudar, dei seier at han skal sitje sørpå ved Urds brunn. (Strofa har også vore lesen på ein litt annan måte, men eg held meg her til lese måten til Finnur Jónsson).

Strofa har vore oppfatta som del av eit kriste dikt, og ein har altså rekna med at skalden på eit eller anna tidspunkt har gått over til kristendomen. Men at Kristus, *ramr konungr Róms*, 'Roms sterke konge', er omtala i diktet, gjev ingen grunn til å tru at skalden er kristen. Omtalen av denne kongen tyder ikkje på særleg intim kjennskap - dei seier at han skal sitje sørpå ved Urds brunn. Urds brunn er vel her bilete på det religiøse senter, men det er eit bilete frå det heidne universet som er brukt. Dette er sett utanfrå av ein heidning, som neppe er særleg glad for det nye og framande som trengjer inn frå sør. Dei gamle gudane som vert trengde unna i sitt eige land, er omtala som *setbergs bǫnd*, 'bergas gudar'. Eigentleg er dette ein kjenning for jotnar, men av konteksten er det klart at det er meint gudane. Meiniga kan vere at i denne kritiske situasjonen ser skalden gudar og jotnar som ei gruppe. Dei er alle dei heimlege berga, dvs. landet sine makter.

<sup>32</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 120, IA 127.

<sup>33</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 144, IA 152.

Dei heidne gudane som verjer landet sitt, er også tema i ei anonym skaldestrofe som er teken opp i *Kristni saga* (kap.6). Strofa gjev seg ut for å fortelje om ei hending som har hendt få år før tusenårsskiftet. Eit skip som er ått av kristne menn, kjem ut for eit voldsomt uver og forliser. Uveret kjem frå det indre av landet, og elvane fossar fulle med is: *heldr getum vér, at valdi ásríki gný slíkum*, 'men vi trur at gudanes makt valdar slik gny', seier skalden, *vesa munu bónd í landi*, 'gudane er nok i landet'.<sup>34</sup>

I eit par strofer som er tillagde Steinunn Refsdóttir, og som også er tekne opp i *Kristni saga* (kap.8), er det fortalt om ei liknande ulukke som rammar bispen Pangbrandr, også hans skip vart knust, og Steinunn seier at det var Tor og gudane som valda det og at Kristus ikkje verna skipet og ikkje heldt si hand over det.<sup>35</sup>

Kristninga er her omtala som ein kamp eller ein styrkeprøve mellom to sterke makter. Men ikkje berre dei heidne gudane og den kristne guden stod mot kvarandre. Det gjorde også dei kristne og dei heidne. I ei strofe etter skalden Þórvaldr inn veili sender skalden med ei strofe bod til ein annan skald og bed han drepe *argan goðvarg, þannns við rogn of rigni*, 'den arge gudevarg som trassar gudane'.<sup>36</sup> Denne arge gudevargen er bispen Pangbrandr.

Året før kristendomen i følgje kjeldene vart vedteken på alltinget, vart islendingen Hjalti Skeggjason dømd fredlaus for gudsspotting. Verslinene er overleverte m.a. i *Íslendingabók* (kap.7) og lyder:<sup>37</sup>

Vilkað goð geyja,  
grey þykkjumk Freyja.

Eg vil ikkje laste gudane, men Frøyja synest meg ei tisper.

Året etter kom den same Hjalti tilbake og var med på å få kristendomen innført.

### 3.1. Heidningane definerer seg sjølv som heidne.

Diktinga på begge sidene og reaksjonane tyder på at vi har to partar som står steilt mot kvarandre. At den eine parten, dei kristne, definerer seg sjølv som kristne, er som ein burde vente. Men det ser også ut som heidningane sjølv definerer seg som heidne, og er stolte av det. I *Hákonarmál* (str.21) seier

<sup>34</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 169, IA 179.

<sup>35</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 127-28, IA 135-36.

<sup>36</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 127, IA 134.

<sup>37</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 131, IA 139.

Eyvindr Finnsson at Hákon fór til *heiðin goð*, 'dei heidne gudane';<sup>38</sup> og det er vel sagt av ein heidning som meiner at kongen dermed kom på den rette staden. I *Austfararvísur* skildrar Sigvatr Þórðarson ei reise til Sverige der han kjem til ein gard der det er alveblot. Ei kvinne kjem til døra og vil ikkje sleppe han inn, ho seier ho er redd for Odins vreiðe. I diktet (str. 5) siterer skalden denne replikken etter kvinna: *erum heiðin vér*, 'vi er heidne vi'.<sup>39</sup> Ein tilsvarende motvilje mot å ha kontakt med heidne, som vi møter i kristne lover, møter vi her, i alle fall i visse situasjonar, hjå heidningane.

Biletet vi får frå den samtidige skaldediktinga, er altså at vi har ein spent situasjon mellom to grupper av folket. Vi har sett at heidningane reagerte svært så sterkt på nid mot dei heidne gudane, men skal tru dei ikkje også kan ha prøvt å provosere og ergre dei kristne gjennom diktinga si?

### 3.2. *Synkretisme - konkurranse - provokasjon?*

Vi har sett at førestellinga om helvete og helvetesangst let seg dokumentere i kristningsperioden. I *Hákonarmál* som Eyvindr Finnsson dikta til minne om Hákon inn góði - kongen som kom frå England som kristen og prøvde å føre inn kristendomen, men som gav opp - let han Hákon ha angst for møtet med Odin. Av samanhengen i diktet synest det gå fram at grunnen til angsten skulle vere at kongen ikkje hadde vore ein god heidning, men hadde lefla med kristendomen. Men møtet med Odin går godt. Hákon vert ærefullt motteken i Valhall.

Kva er det vi har her? Er dette ei form for synkretisme, eller er det også noko anna? Å falle frå den rette læra var ei svært alvorleg synd i kristendomen, her kan det sjå ut som dette er overført på heidendomen. Etter vanlege førestellingar skulle krigarane vere sikra eit liv i Valhall etter døden, men i dette diktet kan det sjå ut som det faktum at Hákon var ein fråfallen heidning, kan få konsekvensar for korleis han vert motteken i Valhall. At denne førestellinga frå kristendomen er teken opp og integrert i norrøn heidendom, er ei mogleg tolking. Ei anna forklaring på den grunnlause angsten for møtet med Odin kan vere at den heidne skalden Eyvindr Finnsson ynskjer å poengtere at heidendomen er ein romslegare religion enn kristendomen, og det kan også tenkjast at skalden medvete vil provosere ved å setje angst for møtet med Odin i staden for angst for møtet med Gud.

Som eg sa innleiingsvis, vil bruken av eit poetisk språk som har referanse til mytologien i mange tilfelle gjere det vanskeleg å avgjere om vi berre har det som kan kallast litterær heidendom, om vi har synkretisme også på eit djupare plan

<sup>38</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 60, IA 68.

<sup>39</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 221, IA 234.

enn det språklege uttrykket, eller om det poetiske språket med referanse til mytologien også kan signalisere at skalden står på den heidne sida.

Dei mytologiske kjenningane var nok i seg sjølve eit problem i kristningstida. Hallfreðr vandræðaskáld seier i lausavise 7: *Qll hefr ætt til hylli Óðins skipat ljóðum*, 'heile menneskeætta har komponert sine dikt til Odins hyllest'.<sup>40</sup> I det ligg nok at skaldediktinga med referanse til gudane i seg sjølv er ei hylling av gudane. Vi ser også at rundt år 1000 går bruken av kjenningar, og særleg mytologiske kjenningar, drastisk ned.<sup>41</sup> Dette kan ha fleire årsaker, men det er rimeleg å tru at ein del av forklaringa er å søkje i ei usikker holdning hjå kristne skaldar til alt språk som gav assosiasjonar til heidne mytar. No brukar rett nok også kristne skaldar til ei viss grad mytologiske kjenningar, og i slike tilfelle kan vi nok tale om litterær heidendom.<sup>42</sup> Men når heidne skaldar i overgangsperioden - eller skaldar som vi ikkje kan identifisere som heidne eller kristne - brukar slike kjenningar, kan det vere grunn til å vere på vakt. Her kan det ligge ei djupare meining og ein klar bodskap i skaldespråket som refererer til norrøn heidendom.

Hofgarða-Refr er ein islandsk skald som lever eit stykke ut på 1000-talet då landet skulle vere kriste.<sup>43</sup> I eit par strofer i eit minnedikt over mannen som lærte han skaldskap, Gizzur Gullbrárskáld, uttrykkjer han seg på ein måte det kan vere grunn til å sjå nærmare på. At ein i kristen tid omtalar dikt eller skaldskap med omskrivingar som Odins mjød o.l. er ikkje uvanleg, men Refr seier i str. 2 i minnediktet om læremeisteren at han førte han *at helgu fulli Hrafnásar*, 'til ramnegudens, dvs. Odins, heilage beger'.<sup>44</sup> Orda *heilagr*, 'heilag', og *full*, 'beger', er ikkje merkelege i denne konteksten kvar for seg, men det spørst om ikkje kombinasjonen *heilagt full*, 'heilagt beger', må gje assosiasjonar til det kristne sakramentet. I tilfelle kan uttrykket nærmast vere blasfemisk for dei kristne, og kan vere meint som ein provokasjon. Men skaldespråket med sine poetiske omskrivingar med referansar til norrøn mytologi gjer det mogeleg for Refr å kome med ein slik provokasjon utan å risikere noko særleg, for *heilagt full Hrafnásar* fyller samtidig krava til ein rett kjenning for 'dikt/dikteknust'.

<sup>40</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 158, IA 168.

<sup>41</sup> Sjå Noreen 1922, særleg avsnittet: Skiss över skaldestilens utveckling.

<sup>42</sup> Det kan likevel vere av interesse å sjå på bakgrunnen til nokre av dei kristne skaldane som i høg grad brukar det heidne skaldespråket. Ein slik skald var t.d. Arnórr jarlaskáld (sjå Edwards 1982-83). Han er son til skalden Þórðr Kolbeinsson som i ei strofe vender seg til dei heidne gudane i bøn om hjelp (sjå nedanfor).

<sup>43</sup> Denne skalden, som kan sjå ut til å vere heiden, i alle høve i sitt hjarta, var son til den Steinunn Refsdóttir som dikta om skipsforliset til bispem Pangbrandr.

<sup>44</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 295, IA 319.

I den neste strofa i det same diktet uttrykkjer Refr seg igjen på ein måte som gjev grunn til å tru at for han tilhøyre Odin ikkje berre det poetiske språket. Her seier han: *Þér eigum vér gjalda Fals veigar, framr Val-Gautr, tamr valdi hrannvala fannar brautar salar*, 'deg har vi å takke for diktekunsten, gjæve Odin, van til makt over himmelen.'<sup>45</sup> Det siste, van til makt over himmelen, kan gje sterke assosiasjonar til den kristne guden. Det er mogeleg at skalden berre ynskjer å poengtere sitt syn på Odin som ein sterk gud, men om han gjer det på ein måte som nærmast høyrer ut som eit ekko av dei vanlege karakteristikkar av den kristne guden, treng dette ikkje vere døme på synkretisme, det kan også vere ein raffinert provokasjon mot dei kristne.

Også hjå skalden Þórðr Kolbeinsson, i ei strofe som skal vere frå 1020-åra, møter vi førestellingar som kan vere uttrykk for synkretisme, men som også kan vere uttrykk for ein kamp- og konkurransesituasjon mellom heidne og kristne. I ei strofe vender skalden seg til: *allar rammar véttir, þærs hlýrn skópu ok skeið þeira*, 'alle sterke vette, dei som skapte himmelklotane og banane deira.'<sup>46</sup> Dette må vere dei heidne maktene, ordet vette kan også elles omfatte gudane, og desse heidne maktene er her framstilte som skaparmakter.

I sagalitteraturen eit par hundre år seinare møter vi fleire stader den oppfatninga at i den siste fasen av kristningstida hadde mange menneske vendt seg frå heidendomen og dyrka den guden som hadde skapt sola. Dei kristne misjonærene kunne knyte si forkynning til denne solskapartrua og seie at det er denne guden vi forkynner. Det er vanskeleg å vite kor stor lit ein skal feste til det sagalitteraturen har å fortelje om solskapartru, men her kan vere ei kjerne av sanning, i alle fall gjenspeglar nok førestellingane om solskapartrua at ideen om ein skapargud stod sentralt i kristningstida. Ideen om ein skapargud er heilt sentral i kristendomen, men var det neppe i norrøn heidendom. Men om dei kristne poengterte nettopp dette, ser vi av den samtidige skaldediktinga at dei fekk konkurranse av heidningane som no også framstiller sine gudar som skaparmakter. Slik kunne heidningane framstille sine gudar om dei hadde teke opp denne ideen frå kristendomen, men dei kan også ha vore svært så merksame på at dei kunne provosere dei kristne ved å stele dei sterkaste argumenta for å tru på guden til dei kristne.

<sup>45</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 295, IA 319. *Falr* er dvergenamn; *Fals veig*, 'dvergens drikke', er kjenning for diktarmjøden. Ordet himmel er her omskrive med ein svært lang kjenning: *hrannvala fannar brautar salr*. *Hrann* er rotform av *hrønn*, 'bylgje'; *valr* er eit poetisk ord for 'hest'. *Fannar* er gen. av *fönn*, 'fonn/snø'. Havhestens, dvs. skipets fonn tyder 'bølgje'. *Brautar* er gen. av *braut*, 'veg'. *Bylgjas veg* tyder 'havet'. *Salr* er eit stort hus med eitt rom. Havets sal tyder 'himmel'.

<sup>46</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 209, IA 219.

#### 4. Synkretisme på kristen grunn.

I den grad vi i strofene ovanfor har døme på synkretisme, er dette ein synkretisme på norrøn heidendoms grunn, og slik synkretisme var ikkje noko problem i heiden tid i og med at norrøn heidendom var ein svært open religion som kunne ta opp i seg idear utanfrå. Mange forskarar har vurdert dette som teikn på veikskap. Den massive påverknaden frå kristendomen førte nærmast til at heidendomen gjekk i oppløysing innanfrå. Etter mitt syn er det ikkje sikkert at evna til å absorbere idear utanfrå er eit teikn på ein religion i oppløysing. Denne evna kan like gjerne vere eit teikn på at norrøn heidendom i den fasen den var under påverknad av kristendomen, framleis var livskraftig og produktiv.

Styrken til heidne idear og førestellingar vil også vere dokumentert om vi finn synkretisme på kristen grunn. Ved eit religionsskifte er det rimeleg at den sigrande religionen tek opp i seg noko frå den religionen som vert avløyst. Slike "restar" frå den gamle religionen kan liggje på det ytre planet og meir vere knytte til skikkar og ei religiøs ramme enn eit religiøst innhald. Om synkretisme på kristen grunn stikk djupare slik at ei sentral førestelling frå den gamle religionen dukkar opp i kristendomen, kan det avspegle at den sigrande religionen på dette punktet har ein mangel eller eit udekt område i forhold til den gamle religionen. Kristendomen hadde ein slik mangel i forhold til norrøn heidendom, nemleg dei kvinnelege elementa i religionen. Her trur eg at synkretisme på kristen grunn er dokumentert gjennom skaldediktinga.

I ei strofe av Björn hitdælakappi som står i saga om han, seier skalden at det er eit under om ikkje framsynte diser gjev meg varsel, dvs. dødsvarsel: *þvíf hjalmfaldin armleggjar orma Ilmr hilmis dagbæjar býðr skaldi heim ór hverjum draumi*, 'for den lyse gards konges (dvs. himmelens konges) hjelmdekte kvinne byd skalden heim i kvar draum.'<sup>47</sup> Denne hjelmdekte kvinna må vere å oppfatte som ei valkyrje eller ei fylgje som kjem frå himmelens konge og byd skalden heim. Dersom denne strofa er ekte, så er ho frå 1020-åra, og det er festa relativt stor lit til at dei fleste strofene i *Bjarnar saga hitdælakappa* er ekte. Denne blandinga av kristne og heidne førestellingar, valkyrja eller fylgja som kjem frå den kristne guden, er lettast å forklare som eit produkt frå kristningstida då heidne og kristne førestellingar må ha levd side om side. Men sjølv om det er festa relativt stor lit til at strofene i denne saga er ekte, så kan den litterære funksjonen akkurat denne strofa har som varsel om framtida, gje grunn

<sup>47</sup> Finnur Jónsson 1912-15:IB 282, IA 304. *Armleggjar ormr* er kjenning for 'armring'; *Ilmr* er gudinnenamn; armringens gudinne er kjenning for 'kvinne'. Kjenningen for 'himmel', *dagbær*, har kome fram ved retting. Det har også vore gjort framlegg om andre lesemåtar; *dagleygr*, som er kjenning for 'sol', står betydelag nærmare lesemátane i handskrifta. (Sjå Sigurður Nordal og Guðni Jónsson 1938:196 f.) For dei kristne assosiasjonane i strofa spelar det ikkje større rolle om vi har 'himmelens konge' eller 'solkongen'.

til mistanke om at ho kan ha vore laga som del av den episke forteljinga om Björn hítðælakappi, på det munnlege stadiet eller i samband med at saga var skriven. I tilfelle kan strofa vere så ung som frå 1200-talet, og som religiøst dokument ville ho faktisk vere endå meir interessant om så var tilfelle.

Dei kvinnelege kollektive maktene stod truleg svært sterkt også i den siste fasen av heidendomen. Strofa som er tillagd Björn hítðælakappi, er ei av dei som dokumenterer at desse kvinnelege vesena også kunne følgje med inn i kristendomen. Utviklinga vidare kunne verte at dei gradvis vart avløyste av vesen som var meir akseptable innanfor ei kristen ramme, englar og helgenar, dei kunne verte demoniserte - det har vi sett døme på i lausavise 10 etter Hallfreðr vandræðaskáld der nornene og deira dom vart assosierte med heidendomen<sup>48</sup> - eller det heidne kvinnelege vesenet kunne verte splitta i ein god og ein vond variant. I skaldediktinga er slik splitting dokumentert for kvinnefylgja (draumekona) i fleire strofer i *Gísla saga Súrssonar* der Gísli diktar om den gode og den vonde draumekona si.<sup>49</sup> Om desse strofene - eller nokre av dei - er ekte, har vi dokumentert splitting i ein god og ein vond variant av dei kvinnelege kollektive maktene alt i kristningstida. Om strofene ikkje er ekte, som vel er det mest trulege, har vi dokumentert ei splitting på eit seinare stadium. Men føresetninga for at splittinga kunne finne stad ein gong ut i kristen tid, er sjølv sagt at den "heidne" kvinnefylgja ikkje vart borte med kristninga. Også sagalitteraturen frå 1200-talet dokumenterer at førestellingane om dei kvinnelege kollektive maktene er levande langt ut i kristen tid. Her kan vi temmeleg sikkert slå fast at vi ikkje har med litterær heidendom å gjere, men med heidne vesen det kristne samfunnet ikkje kunne unnvere, men dels kunne få eit problematisk forhold til.

<sup>48</sup> Ei tidleg demonisering av nornene, som lausavisa etter Hallfreðr vandræðaskáld kan tyde på, slo ikkje gjennom generelt i norrøn tid, og i mindre grad i Noreg enn på Island.

<sup>49</sup> Sjå Mundal 1974:113 ff.

SUMMARY:

THE CHRISTIANIZATION OF NORWAY AND ICELAND  
AS REFLECTED THROUGH CONTEMPORARY SKALDIC POETRY

Old Norse skaldic poetry composed towards the end of the 10th century and at the beginning of the 11th. century shows that Christian ideas have taken root. Poetry by skalds who definitely were Christians, has been used as an argument to prove that Christianization was an easy process, and that Old Norse paganism succumbed to the intellectually superior Christianity. This is the view held by most scholars. However, an opposite view has also been put forward. Skaldic poetry from this period provides arguments for both the opposite views, and it also shows that heathens and Christians for some time looked upon themselves as two groups in conflict with each other. In most cases it is clear from the poetry itself whether the skald is a Christian or a heathen, but in some cases it may seem as if heathen skalds have borrowed some of the strong qualities of the Christian god to describe their own heathen gods. This may be understood as a form of syncretism on heathen ground, but it is also possible to interpret it as the heathens' expression of competition, and perhaps even their attempt to provoke the Christians. The Old Norse poetic language with references to heathen myths was also to some extent used in Christian times. This "heathen" language has been called "literary paganism". But we may have overlooked that used by heathen skalds this language could be turned into a weapon against the Christians. The Christians may have looked upon some combinations of heathen and Christian elements as offensive or even blasphemous. If heathen skalds used the old skaldic language in this way, it expresses the power of the heathen milieu and the heathen ideas even as late as in the period of Christianization; and so does syncretism on Christian ground which is also documented in skaldic poetry.

LITTERATUR

- Ari fróði. Íslendingabók. I: Jakob Benediktsson (red.) 1968.
- Bull, Edvard 1912. Folk og kirke i middelalderen. Studier til Norges historie. Kristiania.
- Bjarnar saga hítðelakappa. I: Sigurður Nordal og Guðni Jónsson (red.) 1938.

- Björn K. Þórólfsson og Guðni Jónsson (red.) 1943. Íslenzk fornrit VI. Reykjavík.
- Edwards, Diana 1982-83. Christian and Pagan References in Eleventh-Century Norse Poetry: The Case of Arnórr jarlaskáld. I: Saga-Book vol. XXI, Part 1-2: 34-53. London.
- Einar Ól. Sveinsson (red.) 1939. Íslenzk fornrit VIII. Reykjavík.
- Finnur Jónsson 1912-15. Den norsk-islandske skjaldedigtning. København.
- Gísla saga Súrssonar. I: Björn K. Þórólfsson og Guðni Jónsson (red.) 1943.
- Guðbrandr Vigfússon og Jón Sigurðsson (red.) 1858. Biskupa sögur I. Kaupmannahöfn.
- Hallfreðar saga. I: Einar Ól. Sveinsson (red.) 1939
- Jakob Benediktsson (red.) 1968. Íslenzk fornrit I, Reykjavík.
- Kristni saga I: Guðbrandr Vigfússon og Jón Sigurðsson (red.) 1858.
- Landnámabók. I: Jakob Benediktsson (red.) 1968.
- Lange, Wolfgang 1985. Studien zur Christlichen Dichtung der Nordgermanen 1000-1200. (Palaestra 222.) Göttingen.
- Marold, Edit 1985. Das Gottesbild der christlichen skaldik. I: The Sixth International Saga Conference 28/7-2/8 1985. Workshop Papers: 717-750. Det arnamagnæanske Institut, Københavns Universitet.
- Mundal, Else 1974. Fylgjemotiva i norrøn litteratur. Oslo - Bergen - Tromsø.
- Noreen, Erik 1922. Studier i fornvästnordisk diktning. Andra samlingen. (Uppsala Universitets årsskrift.)
- Ohlmarks, Åke 1958. Tors skalder och Vite-Krists. Trosskiftetidens isländska furstelovskalder 980-1013. Stockholm.
- Paasche, Fredrik 1914. Kristendom og kvad: En studie i norrøn middelalder, Kristiania. (Gjenoptrykt i: Philip Houm (red.) 1948. Hedenskap og kristendom. Oslo.)
- Sigurður Nordal og Guðni Jónsson 1938. Íslenzk fornrit III, Reykjavík.

---

**Else Mundal** f. 1944, professor i norrøn filologi ved Institutt for nordisk språk og litteratur, Universitetet i Oslo. Har publisert arbeid om forskings- og faghistorie, litterære analyser av sagatekster, tolkingar av edda- og skaldedikt, arbeid om mytologiske og religionshistoriekse emne, arbeid som tek opp kjønnsroller og kjønnsrelevante spørsmål i mellomalderen.

---